

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 26/2006

Møtedato: 14.06.06

Arkiv nr: S 747

## **Søknad om tilskot til framføring av straum**

Kjell Strand og Anne Berit Strømmen Strand søker i brev datert 28.04.06 grunneigarfondet og fjellstyret om tilskot til framføring av straum til stølen på Flisøyn. Strand driv med mjølkeproduksjon på stølen med 17 mjølkekyr og er på stølen ca 2,5 månader. Anlegget er kostnadsrekna til kr 309.000.

Grunneigarfondet har tidlegare gjeve tilsegn om kr 500.000 i tilskot til utbygging av straum ved Syndin. Fjellstyret søkte den 25.11.05 grunneigarfondet om at unytta del av dette tilskot vart overført til andre stølslag i allmenningen som ynskte straum. Om midlane ikkje vart overført, bad fjellstyret den 7.12.05 om at søknaden var å rekne som ein ny søknad om tilskot til straum for dei aktuelle støslaga. Grunneigarfondet godkjente ikkje overføring av tilskotet til nye støslag. Ein har ikkje motteke svar frå grunneigarfondet på den nye søknaden.

Søknad om tilskot frå grunneigarfondet skal sendast fjellstyret innan 1.desember og fjellstyret sender søknad med uttale vidare til Statskog innan 1. februar. Søknaden frå Strand er ein del av den søknaden som fjellstyret tidlegare har sendt og søknaden er såleis fremma i rett tid.

## **Vedtak:**

Fjellstyret ser at straum er nødvendig for å oppretthalde mjølkeproduksjon på stølen og tilrår overfor grunneigarfondet at Strand får tildelt tilskot til framføring av straum.

Fjellstyret har vedteke å satse på eit stølsprosjekt saman med Vestre Slidre kommune. Det er naturleg å utsetja søknaden om tilskot frå fjellstyret inntil vi kjem i gang med stølsprosjektet og kan få ei samla vurdering av dei ulike tiltaka.

Kjell Strand deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.6.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Grunneigarfondet  
Kjell Strand og Anne Berit Strømmen Strand